



*Ulla Skulehus*

*Skjipa 11. april 2009*

*Haramsøy*

*Bygd i 1886*

---

## PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTE 2022 PÅ SKULEHUSET LAURDAG 25.6.2022 KL 1200-1300

Til stades 8 medlemmer av 65:

Peder Ulla, Hildegunn Ulla, Knut Hallvard Ulla, Jane Tangen Ulla, Lars Ulla, Einar Ulla, Ottar Ulla, Steinar Åkre

1. Innkalling og sakliste. Det var ikkje kome inn fleire saker innan fristen.  
Innkalling og sakliste vart godkjent.
2. Val av møteleiar, referent og underskriving av protokoll  
Møteleiar og referent: Knut Hallvard Ulla  
Underskriving av protokoll: Steinar Åkre og Ottar Ulla.
3. Årsmelding 2021/2022  
Årsmeldinga vart lest opp og godkjent.
4. Rekneskap for 2021/2022 vart gjennomgått og godkjent
5. Revisjonsmeldinga for 2021/2022 vart opplest og godkjent. Revisor var Wenche Kleiva Eide.
6. Budsjett, årskontingent og utleige.  
Likviditetsbudsjett vart gjennomgått av styreleiar. Det er lagt inn eit budsjett som medfører ei betring av økonomien på kr 18000. Utanom dette kjem større vedlikehald: Det er det rekna med kr 8000 til skifte av ei knust glasrute. Steinar tek ansvar for denne saka som ei forsikringssak på grunn av naturskade. Det er vidare rekna med kr 75000 til skifte av bordkledning på vegg mot sør. Det vart konkludert med at vi ikkje greier å få skifte bordkledning i år, og at dette bør planleggjast gjennomført i 2023.

Utvendig måling av bygninga skal gjerast i sommar. Dugnad blir på torsdag 28.7.2022. Peder, Ottar og Steinar tek felles ansvar for planlegging og gjennomføring av måling.  
Loftet vart ikkje rydda i fjor heller. Dette må gjerast no.

Kontingenten blir uendra, kr 500 pr år for vaksne og kr 100 for barn og ungdom under 15 år.  
Utleigesatsar blir uendra: kr 500 for medlemmer og kr 1000 for andre.

7. Val  
Vi viser til innstilling frå valnemnda som består av Guttorm Ulla og Lars Ulla.  
Leiar Knut Hallvard Ulla og styremedlem Peder Ulla er ikkje på val. Dei er på val i 2023.  
Styremedlem Randi Ulla Nogva tek ikkje attval. Wenche Kleiva Eide vart valt som nytt styremedlem for to år.  
Wenche Kleiva Eide går ut som revisor fordi styremedlemmer ikkje skal ha rolle som revisor.  
Einar Ulla vart valt som ny revisor for to år.  
Valnemnda var på val. Guttorm Ulla vart valt for to år og Lars Ulla for eitt år.



*Ulla Skulehus*

*Skjpa 11. april 2009*

*Haramsøy*

*Bygd i 1886*

8. Det var ingen innkomne saker til styreleiaren innan fristen på ei veke før møtedato.

Utanom saklista sende Randi Ulla Nogva inn ei melding på sms kvelden før årsmøtet. I dette låg det mellom anna innspel om framtidig organisering av Ulla Skulehus. Saka vart ikkje behandla av årsmøtet fordi fristen for innsending av nye saker var gått ut.

Ulla, 2. juli 2022

Steinar Åkre

Ottar Ulla